



Egil Magnar Eidsnes  
Eidsnesvegen 107 B  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9539 - 21/79003

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
22.11.2021

## **Stadfestar mottat søknad om redusert plangebyr - Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr 215/2 mfl.**

**Tiltak:**

**Byggjestad:** Gbnr: 215/2

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:**

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar søknad om redusert plangebyr den 17.11.2021 med henvisning til pkt. 4.1, 4.2, 4.3 og 4.9 i gebyrregulativet for Alver kommune 2021.

Søknad om redusert gebyr etter pkt. 4,9 i gebyrregulativet for Alver kommune 2021 er ikkje basert på eit enkeltvedtak om gebyr.

Saksbehandlingsfristen følgjer av forvaltningsloven § 11 a første ledd. Kommunen skal forberede og avgjere saker «uten ugrunnet opphold». Kva som er «ugrunnet opphold» må bero på ein konkret vurdering. Dersom ein sak vil ta «uforholdsmessig lang tid», skal kommunen gi eit foreløpig svar, jf. forvaltningslovens § 11 annet ledd. Kva som er «uforholdsmessig lang tid» beror på ein konkret vurdering. Det leggst blant annet vekt på sakas omgang og kompleksitet, tal partar og tal forvaltningsorgan som er involvert og kor stor belastning det er for den enkelte å vente på ei avgjerd i saka.

### **Du må fortsatt betale gebyret innen fristen**

Det følgjer av gebyrregulativet for Alver kommune 2021, pkt. 4.1 sjette ledd at ilagt gebyr skal betalast uavhengig av seinare vedtak, klage på vedtak, klage på gebyr eller søknad om refusjon eller søknad om redusert gebyr. Klage eller søknad om fritak/reduksjon fører ikkje til utsett betalingsfrist. Gebyret skal betalast innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. pkt. 4.1.

I dykkar sak er faktura for plangebyret først mottatt den 15.11.2021 på papir. Kommunen forstår det slik at det er gjeve ein tilbakemelding til dykk om at fakturaen først vart feilsendt til dykkar son. Fakturaen vart så sendt på papir til dykk. Faktura vart utstedt den 10.11.2021 og med forfall den 10.12.2021.

